

---

**Fra:** jan@thorsheim458.no  
**Sendt:** 16. mars 2017 20:34  
**Til:** Postmottak Lindås; Ørjan Raknes Forthun  
**Emne:** Reparasjon/vedlikehald av eksisterande avlaupsanlegg gnr.181 bnr. 7/12 Torsheim i Lindås kommune.

Til rådmannen i Lindås kommune

Viser til mail 28.2.2017 der underteikna ber om rask tilbakemelding vedr. reparasjon/vedlikehald av eksisterande avlaupsanlegg gnr.181 bnr. 7/12 Torsheim i Lindås kommune. Avlaupsanlegget ligg i nedslagsfeltet for hovedvasskjelda for drikkevatt i Lindås kommune, Storavatn. Ber rådmannen i Lindås kommune ta dei nausynte tiltak slik at mail av 28.2.2014 vert svart på.

Venleg helsing  
Jan B. Thorsheim.

Lindås kommune  
Avdelingsleiar for vatn og avløp

**Reparasjon/vedlikehald av eksisterande avlaupsanlegg gnr.181 bnr. 7/12 Torsheim i Lindås kommune.**

Eksisterande avlaupsanlegg er bygd av Lindås kommune etter at Storavatn vart vald til drikkevatt for Lindås kommune. Kommunen stod for avtalar og bygging av anlegget. Anlegg ligg delvis på bnr. 7/12 og naboeigedomen bnr.3. Lindås kommune stod for avtalen med bnr. 3.

For å gjera naudsynt vedlikehald på heile anlegget ber eg om å få tilsendt den skriftlege avtalen om bygging og vedlikehaldsrett av den delen som ligg på bnr. 3.

Ber om rask tilbakemelding i denne saka.

Venleg helsing  
Jan B. Thorsheim.